



Innst. S. nr. 61

(2007-2008)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

St.prp. nr. 12 (2007-2008), unntatt kap. 650, 651, 683, 690, 691, 3651, 3680 og 3690

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål på statsbudsjettet, endringar av løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda og inntektene under folketrygda for 2007.

Følgjande områder i proposisjonen blir ikkje handsama av arbeids- og sosialkomiteen, men av kommunal- og regionalkomiteen: kap. 650, 651, 683, 690, 691, 3651, 3680 og 3690 og er difor ikkje omtalt i denne innstillinga.

Komiteens innledende merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Lise Christoffersen, Eva Kristin Hansen, Per Rune Henriksen og Sverre Myrli, fra Fremskrittspartiet, Robert Eriksson, Kari Kjønnaas Kjos og Kenneth Svendsen, fra Høyre, Martin Engeset, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Karin Andersen, fra Kristelig Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund, fra Senterpartiet, Dagfinn Sundsbø, og fra Venstre, André N. Skjelstad, viser til komiteens behandling av St.prp. nr. 1 (2006-2007) og de respektive partiers merknader i Budsjett-innst. S. nr. 15 (2006-2007), samt Stortingets behandling av Revidert nasjonalbudsjett for 2007, jf. Innst. S. II (2006-2007).

Når det gjelder kapitler og poster som ikke er omtalt nedenfor, har komiteen ingen merknader og slutter seg til de fremlagte forslagene i proposisjonen.

FORSLAG UNDER DEI ENKELTE KAPITLA

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 1 Driftsutgifter blir foreslått auka samla med 5,875 mill. kroner.

Ei auking med 0,875 mill. kroner mot at kap. 683 Ressurssenter for natur- og reindriftstenester, post 1 Driftsutgifter blir foreslått redusert med tilsvarande beløp. I tillegg styrking av post 1 med 5 mill. kroner knytt til utgifter til helserefusjonsprosjektet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter foreslås redusert med 5 mill. kroner. Forslaget fremmast mot tilsvarande auke under kap. 601 post 73 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte.

Post 45 foreslås auka med 8 mill. kroner.

Styrkinga av Arbeids- og velferdsetaten med 13 mill. kroner; 5 mill. kroner på post 1 og 8 mill. kroner på post 45 fremmes med inndekking i nedsetjing av løyvinga under kap. 634 post 73. Forslaget inneber òg at Helse- og omsorgsdepartementets ramme blir redusert med 3 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 10 (2007-2008).

Uavklarte differansar

Rekneskapen til tidlegare Rikstrygdeverket viste i 2006 tre uavklarte differansar som er vidareført i Arbeids- og velferdsetatens rekneskap. Dette gjeld kasseforsterkingar, pensjonstrygd for sjømenn og bidragsområdet. Nettoeffekten av differansane utgjer 106,7 mill. kroner.

Differansane for kasseforsterkingar og pensjonstrygd for sjømenn er per i dag isolert og bokført som gjeld i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse. Etterkontrollar viser at utbetalingane er korrekte, slik at differansen ikkje utgjør ein reell gjeld.

For bidragsområdet er differansen per i dag isolert og bokført som ein fordring i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse. Etterkontrollar tilbake til 1992 viser at utbetalingane er korrekte knytt til innbetalt bidrag. Differansen er av rekneskapsteknisk art og representerer ikkje ein reell fordring i Arbeids- og velferdsetaten sin balanse.

Departementet gjer framlegg om at differansane blir postert ut i Arbeids- og velferdsetaten sitt rekneskap mot konto for forskyving i balansen. Det er satt i verk tiltak som skal sikre at det ikkje blir nye differansar. Det synast til forslag til vedtak II.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

Post 71 Særskilde arbeidsmarknadstiltak, *kan overført*, foreslås redusert med 50 mill. kroner.

Post 73 Investeringar i skjerma verksemd foreslås redusert med 10 mill. kroner.

Post 74 Lønnssubsidie ved reaktivisering, *overslagsløyving*, foreslås redusert med 24 mill. kroner til 20 mill. kroner.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, har ingen merknader og slutter seg til det fremlagte forslaget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre viser til at bakgrunnen for mindreforbruket på dette kapittel, ifølge departementet, er noe lavere gjennomsnittlig pris på arbeidsmarknadsstiltakene for yrkeshemmede enn hva som lå til grunn for forslaget til bevilgning i St.prp. nr. 1 (2006-2007). Det er også blitt mindre behov for investeringer i skjermede virksomheter enn hva som lå til grunn for bevilgningen i forslaget til statsbudsjett for 2007.

Disse medlemmer mener det er behov for en betydelig sterkere innsats på de områder som gjelder

tiltak for å få yrkeshemmede tilbake til en aktiv tilværelse og innsats på arbeidsmarkedet. Det er derfor lite tillitvekkende, slik disse medlemmer ser det, når bevilgede midler ikke blir benyttet.

Når det gjelder post 74, Lønnssubsidium ved reaktivisering er mindreforbruket begrunnet med at aktiviteten på disse tiltakene er blitt lavere enn regnet med. Disse medlemmer anser lønnssubsidium ved reaktivisering og uførepensjon som lønnstilskudd som kan være effektive virkemidler i arbeidet med å hjelpe yrkeshemmede og andre uføretrygdete tilbake til yrkesaktivitet enten restarbeidsevnen er stor eller liten, og mener at innsatsen på dette området burde har vært betydelig større fra NAVs side. Disse medlemmer viser til sine respektive partiers merknader i Budsjett-innst. S. nr. 15 (2007-2008) i tilknytning til kap. 634.

Kap. 635 Ventelønn

Post 1 Ventelønn, *overslagsløyving*, foreslås auka med 15 mill. kroner til 340 mill. kroner.

Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, har ingen merknader og slutter seg til det fremlagte forslaget.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre finner behovet for å øke utgiftene til ventelønn vanskelig å forstå i dagens situasjon med høy sysselsetting og mangel på arbeidskraft. Disse medlemmer mener at det må gjøres en større innsats fra NAV's side for å bistå dem som, etter dagens regelverk har rett til ventelønn, for å skaffe seg nytt arbeid istedenfor å være passive mottakere av offentlige ytelser.

Disse medlemmer viser til sine respektive partiers merknader i Budsjett-innst. S. nr. 15 (2007-2008) i tilknytning til kap. 635.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
601		Utredningsverksemd, forskning m.m.	
	73	Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukmeldte, <i>kan overført</i> , blir auka med frå kr 2 000 000 til kr 7 000 000	5 000 000
605		Arbeids- og velferdsetaten	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 7 698 354 000 til kr 7 704 229 000	5 875 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med frå kr 47 000 000 til kr 42 000 000	5 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med .. frå kr 206 300 000 til kr 214 300 000	8 000 000
606		Trygderetten	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 56 009 000 til kr 54 209 000	1 800 000
621		Tilskot forvalta av Sosial- og helsedirektoratet	
	22	Særskilde driftsutgifter, funksjonshemma, blir redusert med frå kr 32 900 000 til kr 31 500 000	1 400 000
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	71	Særskilde arbeidsmarknadstiltak, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med frå kr 3 575 600 000 til kr 3 525 600 000	50 000 000
	73	Investeringar i skjerma tiltak, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med frå kr 17 000 000 til kr 7 000 000	10 000 000
	74	Lønnssubsidium ved reaktivisering, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 44 000 000 til kr 20 000 000	24 000 000
635		Ventelønn	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 325 000 000 til kr 340 000 000	15 000 000
648		Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen m.m.	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 12 890 000 til kr 14 190 000	1 300 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 600 000 til kr 300 000	1 300 000
660		Krigspensjon	
	70	Tilskot, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 234 000 000 til kr 230 000 000	4 000 000
	71	Tilskot, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 568 000 000 til kr 555 000 000	13 000 000
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskot, blir redusert med frå kr 707 000 000 til kr 642 000 000	65 000 000
666		Avtalefestet pensjon (AFP)	
	70	Tilskot, blir auka med frå kr 958 000 000 til kr 960 000 000	2 000 000
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 248 000 000 til kr 250 000 000	2 000 000
2541		Dagpengar	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 4 700 000 000 til kr 4 400 000 000	300 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.	
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 490 100 000 til kr 290 000 000	200 100 000
2620		Stønad til einlig mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 2 359 000 000 til kr 2 245 000 000	114 000 000
	72	Stønad til barnetilsyn, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 500 000 000 til kr 460 000 000	40 000 000
	73	Utdanningsstønad, blir redusert med frå kr 81 000 000 til kr 69 000 000	12 000 000
	76	Forskottering av underhaldsbidrag, blir redusert med frå kr 1 110 000 000 til kr 1 050 000 000	60 000 000
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar mv., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 25 140 000 000 til kr 24 640 000 000	500 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 545 000 000 til kr 1 410 000 000	135 000 000
	72	Omsorgs- og pleiepengar ved barns sjukdom m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	30 000 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 300 000 000 til kr 1 345 000 000	45 000 000
2652		Medisinsk rehabilitering mv.	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 8 036 000 000 til kr 7 985 000 000	51 000 000
	71	Legeerklæringar, blir redusert med frå kr 290 000 000 til kr 260 000 000	30 000 000
2653		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 10 754 000 000 til kr 10 187 000 000	567 000 000
	71	Attføringsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 180 000 000 til kr 1 177 000 000	3 000 000
2655		Uføre	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 17 686 000 000 til kr 17 640 000 000	46 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 26 664 000 000 til kr 26 760 000 000	96 000 000
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 375 000 000 til kr 1 390 000 000	15 000 000
	73	Førebels uførepensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 167 000 000 til kr 250 000 000	83 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 6 411 000 000 til kr 6 040 000 000	371 000 000
	75	Ménerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 105 000 000 til kr 95 000 000	10 000 000
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 78 000 000 til kr 70 000 000	8 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 545 000 000 til kr 1 540 000 000	5 000 000
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 640 000 000 til kr 1 615 000 000	25 000 000
	73	Hjelpemiddel mv. under arbeid og utdanning, blir redusert med frå kr 110 700 000 til kr 100 000 000	10 700 000
	74	Tilskot til biler, blir auka med frå kr 735 000 000 til kr 825 000 000	90 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir auka med frå kr 2 641 800 000 til kr 2 715 000 000	73 200 000
	76	Betring av funksjonsevna, andre formål, blir auka med frå kr 97 500 000 til kr 100 000 000	2 500 000
	77	Ortopediske hjelpemiddel, blir auka med frå kr 715 000 000 til kr 740 000 000	25 000 000
	78	Høyreapparat, blir auka med frå kr 420 000 000 til kr 455 000 000	35 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 37 538 000 000 til kr 37 500 000 000	38 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 54 869 000 000 til kr 54 889 000 000	20 000 000
	73	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 4 833 000 000 til kr 4 810 000 000	23 000 000
2680		Etterlatne	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 271 000 000 til kr 1 280 000 000	9 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	13 000 000
		frå kr 1 093 000 000 til kr 1 080 000 000	
2686		Gravferdsstønad	
	70	Gravferdsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	11 000 000
		frå kr 114 000 000 til kr 125 000 000	
2690		Diverse utgifter	
	70	Sjukestønadsutgifter i utlandet, blir redusert med	5 000 000
		frå kr 235 000 000 til kr 230 000 000	
	77	Pasientar frå avtaleland mv., blir auka med	5 000 000
		frå kr 90 000 000 til kr 95 000 000	
Inntekter			
3634		Arbeidsmarknadstiltak	
	2	Opplæringstenester, blir redusert med.....	2 000 000
		frå kr 2 000 000 til kr 0	
3635		Ventelønn mv.	
	1	Refusjon statlig verksemd mv., jf. kap. 635, blir redusert med	9 500 000
		frå kr 98 000 000 til kr 88 500 000	
	85	Innfordring av feilutbetaling av ventelønn, blir auka med	2 100 000
		frå kr 2 400 000 til kr 4 500 000	
5701		Diverse inntekter	
	3	Hjelpemiddelsentralar m.m., blir auka med	2 000 000
		frå kr 46 000 000 til kr 48 000 000	
	73	Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med	65 000 000
		frå kr 515 000 000 til kr 450 000 000	
	74	Refusjon medisinsk behandling, blir auka med	3 800 000
		frå kr 900 000 til kr 4 700 000	
	85	Innfordret misbruk av dagpengar, blir auka med	51 300 000
		frå kr 35 700 000 til kr 87 000 000	
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	
	2	Dividende, blir auka med	10 000 000
		frå kr 100 000 000 til kr 110 000 000	
5705		Refusjon av dagpengar	
	1	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs, blir redusert med	36 000 000
		frå kr 50 000 000 til kr 14 000 000	
	3	Refusjon for dagpengar frå EØS-land, blir auka med	200 000
		frå kr 2 500 000 til kr 2 700 000	

II

Fullmakter knytt til uavklarte differansar

Stortinget samtykkar i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet kan:

1. Debitere Arbeids- og velferdsetatens mellomværande med statskassa i statsrekneskapen og kreditere konto for forskyving i balansen med kr 46 770 674,41.
2. Debitere Arbeids- og velferdsetatens mellomværande med statskassa i statsrekneskapen og kreditere konto for forskyving i balansen med kr 2 358 567,48.
3. Kreditere Arbeids- og velferdsetatens mellomværande med statskassa i statsrekneskapen og debitere konto for forskyving i balansen med kr 155 794 701.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 30. november 2007

Karin Andersen
leder

Kenneth Svendsen
ordfører

